



Arkivsaknr: 2026/364-2
Sakshandsamar: Jo Bjarte Nordanger
Tømmerbakke
Avdeling: Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Utval

Formannskapet

Kommunestyret

Søknad frå Mo kyrkjelege fellesråd om tilskot til dekking av straumutgifter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret løyver kr 80 000,- i ekstra tilskot til Mo sokn for 2026. Løyvinga vert finansiert frå ansvar 1000 – rådmannen.

Politisk behandling

Bakgrunn:

«Mo kyrkjelege fellesråd budsjetterte i 2026 med vanleg straumkostnad. Modalen kommunestyre vedtok etter budsjettmøtet til fellesrådet å selje konsesjonskrafta. Det medfører at Mo sokn får auka straumkostnader som ikkje er budsjetterte. For Mo sokn medfører det ein meirkostnad på estimert 80.000,-.

Mo Kyrjelege fellesråd søker herved om ekstraløyving for drift av 2026 på kr 80.000,-, forklart med auka straumkostnader.»

Vurdering:

Mo sokn si drift er basert på offentleg tilskot, og kommunen får kvar haust søknad om tilskot frå soknet som vert handsama i budsjettprosessen. Den auka kostnaden til straumutgifter var ikkje kjend for soknet då dei søkte om tilskot til drifta for 2026. Det er

difor naturleg at kommunen innvilgar søknaden i år. Frå og med tilskotsåret 2027 er det forventa at auka kostnader til straum vert innarbeidd i den ordinære tilskotsøknaden frå Mo sokn.

I budsjettet er tilskot til Mo sokn ført på ansvar 1000 – rådmannen. Det er difor foreslått at det ekstra tilskotet vert kontert og ført på same ansvarsområde. Tilskotet vert finansiert av høgare inntekter på sal av konsesjonskraft enn budsjettert.